



Ove Eidsvåg har teke ein laks på over 16 kilo, men her står han med ein mindre fisk ved Uskedalselva

**Ove Eidsvåg, som opprinneleg er frå Frøya men bur på Valen, er ein av dei ivrigste fiskarane i Uskedalselva og han har teke den førebels største fisken der denne sesongen.**

**Det gjorde han søndag like ovanfor brua i sentrum og etter ein ekstra kontroll viste det seg at fisken vog 9,7 kilo. Men Ove har faktisk også teke ein laks på 16,1 kilo - i Olavaldet i Meldal - og det skjedde i fjor.**



Ferierende Magnus Skjoldal (10) frå Tønsberg tykte det var stas å verta fotografert saman med fisken på 9,7 kilo som Ove Eidsvåg fanga ved brua (Foto: Sigmund Skjoldal)

Før han tok fisken på nesten 10 kilo i Uskedalen hadde han imidlertid ei sjelden oppleving - han så at det sto ialt 6 velvaksne fiskar i den same kulpen. 2 var rundt 10 kilo, 3 på 7-8 kilo og ein på rundt 4. Og han sikra seg altså ein av dei største!

-Det er sjeldan det står så mange og store fiskar saman i denne elva og det lovar svært så bra framfor fisket også i tida framover, seier Ove.

No håpar han på meir regn!

Av Ola Matti Mathisen